



# Tryggheim VGS på Jæren




# UTDANNINGSPROGRAM



Internatlivet s. 13



Skoleturer s. 16



Fritidstilbud s. 18

## Innhold

Utdanningsprogram .....	2
Rektor har ordet .....	3
På veg mot høgare utdanning, Studiespesialisering .....	4
Framtida er elektrisk. Elektro og datateknologi .....	6
Menneske og relasjonar i sentrum. Helse- og oppvekstfag ...	8
Praktikarar som siktar høgt. Bygg- og anleggsteknikk .....	10
Kjekkasar med eiga bedrift. Tilrettelagt avdeling .....	12
Internatlivet .....	13
Skoleturer .....	16
Fritidstilbod .....	18
Hva skjer på Nærbø? .....	19

Rektor har ordet

**På Tryggheim vgs. er enkeltmennesket viktig. Vi ønsker at alle elevar, uansett ståstad, kristen eller ikkje-kristen og med forskjellige syn, skal føle seg respektert og akseptert. På den eine sida ein tydeleg kristen profil. På den andre sida respekt som ein viktig verdi.**

Gjermund Viste // Rektor

Vi har om lag 520 elevar kvart år, i underkant av 200 av dei bur på internatet. Vi gler oss over tilbakemeldingar om god trivsel, om nye vennskap og om verdfulle skoleturar med samansveising på tvers av utdanningsprogram. Det er kjekt å sjå elevar som blomstrar og fortel om lærarar som ser den enkelte. Tryggheim er også sertifisert som dysleksivenleg skule, noko som kjem alle elevane til gode. På fritida er det stor glede over miljøteamet og Tryggheimrussen som kvart år er positive miljøskaparar.

Det er flott å sjå at det kristne arbeidet ber frukter. Gjennom læring og danning får vi vere med og spreie vårt verdigrunnlag, skape gode haldningar, gode verdiar og påverke med respekt.

Elevane kjem til Tryggheim med ein identitet, med si historie og sin bagasje. Den danske filosofen Løgstrup har sagt: «Den enkelte har aldri med et andet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd.» Det er eit stort ansvar, som vi tar på alvor på Tryggheim.

I vårt elevsyn ønsker vi å møte alle med omsorg, respekt og positive forventningar. Vi vil møte elevane der dei er og legge til rette for læring og meistring for den enkelte. Vi ser eleven som skapt og elska av Gud.



Tryggheim er, som en av de første skolene i landet, sertifisert som «Dysleksivennlig skole». Vi har arbeidet for å oppnå dette fordi vi ønsker å være en god skole for alle elevene våre. Det innebærer blant annet at alle skal lære og alle skal få mulighet til å vise det de har lært. Dette er kjernen i det å være en dysleksivennlig skole. Vi arbeider hele tiden for å fjerne hindre for læring, og for at alle elever skal få vist sin kompetanse – ut fra sine forutsetninger.





# På veg mot høgare utdanning



Julia Langåker, Karmøy:  
«Eg opplever at skulen har godt miljø, ikkje berre klassen eg går i, men på tvers av klassane.»

Hallvard og Julia vil studere. Då var studiespesialisering eit opplagt val for dei.

Som mange andre Tryggheim-elevar har Hallvard Jess Langås frå Klepp hatt søsken som har gått på same skule. Grunnen til at Julia Langåker frå Karmøy valde å gå vidaregåande på internatskule på Jæren, finst det truleg ingen andre som deler med henne: Ho skreiv fotballkontrakt med Klepp IL.  
- Sjølv om det var fotballen som førte til at eg flytta og begynte på Tryggheim, er eg veldig glad for at eg hamna akkurat her, seier internateleven frå Åkra på Karmøy.

### Breitt fagtilbod

Dei to elevane på studiespesialisering veit ikkje kva dei vil bli, men hadde bestemt seg for å sikte mot høgare utdanning då dei søkte vidaregåande.


- Studiespesialisering passar best for meg. Eg synest det er gildt med realfag, og for meg var det enkelt å velje utdanningsprogram, seier Hallvard.  
- Det var ingen av dei andre utdanningsprogramma som passa heilt for meg. Sidan eg vil studere, kom eg fram til at studiespesialisering er ein grei veg å gå, seier Julia.

At elevar på studiespesialisering kan velje ulike programfag, synest dei er med på å gjere vidaregåande annleis enn ungdomsskulen.

- Eg ønsker å velje matematikk, fysikk og kjemi som programfag, seier Hallvard.  
- Eg kjem heller til å velje programfag innanfor språk, samfunn og økonomi. Dei passar best for meg, seier Julia.

### Teori

- Kva slags elevar bør velje studiespesialisering?  
- Elevane bør like teoretiske fag, svarer Hallvard.  
- Eg føler utdanningsprogrammet passar for dei som ikkje heilt veit kva dei vil, og som likar meir teoretiske fag, ja. Men det er jo ikkje berre teori på studiespesialisering. Du kan jo til dømes velje breiddeidrett som fag, seier Julia.



## Vg1-elevar får velje breiddeidrett

Dei som begynner på studiespesialisering på Tryggheim hausten 2021, får ha programfag allereie første året på vidaregåande. Vanlegvis begynner studiespesialisering-elevar med programfag når dei går Vg2, men Tryggheim skal la elevar velje mellom tre ulike programfag allereie i Vg1. Det inneber at Vg1-elevane kan få ein meir variert skulevardag. Dei tre valbare programfaga på Vg1 blir *breiddeidrett*, *entreprenørskap og bedriftsutvikling* og *informasjonsteknologi*. Eit eventuelt programfag kjem i tillegg til den ordinære timeplanen på Vg1 studiespesialisering, og elevane bestemmer sjølv om dei vil starte med programfag allereie første året på vidaregåande.



## Studiespesialisering

Elevtal: Godkjend for 270 fordelt på Vg1, Vg2 og Vg3

Etter Vg3 kan elevar få generell eller spesiell studiekompetanse

Elevane kan velje desse programfaga:

Realfag:

- Biologi
- Fysikk
- Geofag X
- Informasjonsteknologi
- Kjemi
- R-matte
- S-matte
- Teknologi og forskningslære X

Språk, samfunn og økonomi:

- Entreprenørskap og bedriftsutvikling
- Engelsk
- Politikk og menneskerettar
- Psykologi
- Rettslære
- Sosialkunnskap
- Sosiologi

Idrettsfag:

- Breiddeidrett



Hallvard Jess Langås, Klepp  
«Tryggheim har veldig mange gode og hjelpsame lærarar.»



# Framtida er elektrisk

**Siri frå Vigmostad går Vg1 elektro, likar best programfaga og lærer aller best når ho kan kople kretsar og få forståinga inn ved å gjere. Mats frå Klepp går Vg2, er takknemleg for vennskapa, og har tips til deg som vurderer elektro.**

Siri Vigmostad, Vigmostad:

**«Det er mange vegar å gå og god anledning til spesialisering innafor elektrikaryrket.»**

- Eg ønskte å ta ei yrkesutdanning for å få variasjon i kvardagen, seier Siri, - ikkje berre sitje ved ein pult og lytte og skrive, og eg er veldig fornøgd med at det blei elektro. Neste år vil eg ta Vg2 elenergi, så ta fagbrev og bli elektrisk. Det er mange vegar å gå og god anledning til spesialisering innafor elektrikaryrket. Og det har ho heilt rett i.

### 24 ulike fagbrev

Den nye tilbodsstrukturen gir dei som startar med Vg1 elektro anledning til å ende opp med minst 24 ulike fagbrev. 11 av desse kan nåast via Vg2-tilboda på Tryggheim. Det kan bli veldig travelt å ta alle, så dei fleste bør nok nøye seg med eitt eller to.

- På sikt er ingeniørutdanning noko eg vil vurdere, og så har eg ein liten draum om å starte eige firma, men det er i så fall eit stykke fram. Det er uansett viktig for meg å kunne ting frå botnen av, å forstå utføringa og korleis ting fungerer, uansett kva eg endar opp som innafor elektrofeltet.

Sørlandsdialekta avslører post-adresse i Agder, men Siri grin seg ikkje i søvn over ikkje å kome heim kvar dag. - Eg stortrivst både på internatet og på skulen, så valet om elektro på Tryggheim har vore heilt rett for min del.

### Stor glede i lyd og lys

Mats Aabrekk kan i motsetning til Siri svi fiskepinnar med familien som sjokkerte vitne kvar ettermiddag, viss han vil. Ti minutt med snøgg tog over jærprærien gir kleppbuen kortreist kompetanseheving. - *Kvifor valde du elektro?* - Eg var generelt lei teori på ungdomsskulen, og hadde samtidig glede av å fikle med PC, lys, lyd og småelektronikk heime. På slutten av ungdomsskulen fekk eg hospitere nokre dagar på elektro på Tryggheim, og det var avgjerande for at eg søkte her. På elektro er teori koplå så tett opp mot det praktiske at det opplevest langt kjekkare og meir lærerikt.

Sjølv om dei fleste elektronane ser ganske like ut der dei tuslar av garde med lysfarta i ein kabel nær deg, må Mats snart velje om han vil ta fagbrev i å lokke dei ut på kraftnettet eller inn i eit sikringsskap. - Førre praksisperiode var eg hos Lyse, i el-nettbransjen altså, og treivst veldig godt. Neste praksis skal eg ha i eit installasjonsfirma. Etter det vil eg vurdere retninga på fagbrevet, eg har ikkje bestemt meg, men endar gjerne opp som vanleg elektrisk.


- *Viss nokon er i tvil om dei skal*

*søke på elektro, kva interesser og eigenskapar vil du seie ein bør ha for å velje elektrovegen?*

- Dei kan jo ta «fikle-testen», det er ein god indikasjon viss folk likar å fikle med tekniske ting. Elles er det ein fordel at dei er logisk anlagt, og er passe ryddige i hovudet.

- *Kvifor Tryggheim?*

- Tryggheim har gitt meg dei beste vennene i livet, det har rett og slett vore dei to beste åra av livet mitt. Dei vennene eg har rundt meg nå har endra meg, noko eg er takknemleg for.



## Elektro og datateknologi

Elevtal: 65 fordelt på Vg1 og Vg2

Programområde: Vg1 elektro- og datateknologi

Vg2 elenergi og ekom og Vg2 datateknologi og elektronikk

Praksis Vg2: Utplassering i bedrift om hausten og våren

Læretid etter Vg2: To og eit halvt år i bedrift

Desse fagbrev kan elevar ta ved å gå Vg2 elenergi og ekom:

- Elektrisk
- Elektroreparatør
- Energimontør
- Energioperatør
- Heismontør
- Skipselektrisk
- Signalmontør
- Togelektrisk

Desse fagbrev kan elevar ta ved å gå Vg2 datateknologi og elektronikk:

- Dataelektronikar
- Produksjonselektronikar
- Telekommunikasjonsmontør



Mats Aabrekk, Klepp:

**«Tryggheim har gitt meg dei beste vennene i livet, det har rett og slett vore dei to beste åra av livet.»**



# Menneske og relasjonar i sentrum



Sara Gulaker, Vigrestad:

«Alle seier at på BU berre leikar dei og har det gildt. Ja, det stemmer at me leikar, men leiken har alltid eit poeng. Me lærer mykje gjennom leik.»



Lars og Espen går på Vg2 helsearbeidarfag, og Sara går på Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Alle tre lærer om menneske gjennom både teori og praksis.

Espen Gramstad frå Ålgård bur på internatet på Tryggheim og likar seg svært godt på helsefag. - Eg har lyst til å bli sjukepleiar når eg blir «stor», og her lærer eg veldig mykje om sjukdommar og sjukepleie. Me lærer korleis me pleier pasientar og snakkar med folk som har forskjellige sjukdommar. Å læra om relasjonar og kommunikasjon meiner eg er viktig anten ein vil arbeida på sjukehus, sjukeheim eller i andre helseinstitusjonar.

Internatelev Lars Folkvord frå Hommersåk har også planar om å bli sjukepleiar, og likar at undervisninga er så praktisk. - Me har praksisrom på skulen der me gjer praktiske øvingar. I tillegg lærer me om tema eg er interessert i, om sjukdommar og korleis me skal oppføra oss i lag med menneske.

### Praksisperioder

På Vg1 har elevane to praksisperiodar på til saman tre veker. På Vg2 helsearbeidarfag har dei totalt sju veker praksis. Lars fortel om kjekke og spennande dagar

då han fekk prøva seg som portør på sjukehuset i Stavanger. I neste periode skal han ha praksis på ein sjukeheim.

Også Espen er nøgd med blandinga av teori og praksis. - Gjennom praksisen får me sjå korleis det eigentleg er å jobba på sjukeheim, og i forkant har me lært mykje om det på skulen. Dette er det beste med å gå på helse- og oppvekstfag.

### Lærer om menneske

Sara Gulaker bur heime på Vigrestad, og valde Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag (BU) fordi ho vil arbeida med menneske. - Eg er ikkje 100 % sikker på kva eg skal bli, men eg får utbytte av å gå på BU uansett, for det er interessant å læra om menneske. På Vg1 lærte me det grunnleggjande om kommunikasjon, korleis kroppen fungerer, sjukdommar og ernæring, og på Vg2 har me nettopp lært om kosthald for barn og ungdom. No har eg praksis i ein førsteklasse.

Ein god del av opplæringa i barne-

## Utdanningsprogram: Helse- og oppvekstfag

og ungdomsarbeidarfag inneber leik. Sara forklarer: - Ja, me leikar og har mykje gildt, men det er alltid ein grunn til at me leikar. Me lærer mykje om barn og ungdom som me ikkje har tenkt på før. I klassen har me eit veldig fint miljø, og lærarane har stort fokus på at me skal trivast.



Espen Gramstad, Ålgård: «Me lærer mykje viktig på helse som eg synest alle burde lært.»



## Helse- og oppvekstfag

Elevtal: 125 fordelt på Vg1 og Vg2

Programområde: Vg1 Helse- og oppvekstfag

Vg2 Helsearbeidarfag

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag

Læretid etter Vg2: To år i helseinstitusjon, barnehage og/eller skule

### Moglege fagbrev

Etter Vg2 helsefagarbeidar kan du ta fagbrev som

- helsefagarbeidar
- portør

Etter Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag kan du ta fagbrev som

- barne- og ungdomsarbeidar



Lars Folkvord, Hommersåk:

«Me lærer korleis me skal oppføra oss i lag med menneske.»

# Praktikarar som siktar høgt



Lotte Orre Sangolt, Bryne:

«Lærarane på Tryggheim ser deg og lyttar til deg. Dei tilpassar seg elevane sine.»



Viljar vil bli fjellsikrar, mens Lotte ønsker å bli tømrar og arkitekt. På vegen mot målet går dei bygg- og anleggsteknikk.

Lotte Orre Sangolt frå Bryne set pris på at utdanningsprogrammet er praktisk retta.

- Eg likar betre å lære gjennom å gjere enn å sitte stille i eit klasserom og høyre på ein lærar. På Vg1 får du innblikk i dei ulike retningane og yrka som finst innanfor bygg- og anleggsteknikk. Du lærer mykje som du har bruk for uansett kva programområde du vel vidare, seier Lotte.

Internateleven Viljar Heskestad frå Moi er einig.

- At kvardagen er praktisk, gjer at eg likar skulen betre enn nokon gong. Eg er ikkje ein type som klarar å sitte stille i klasserommet ei heil skuleveke, seier han.

### Praksis i bedrifter

Praktisk arbeid står på timeplanen både på skulen og i ulike bedrifter. Då Viljar var utplassert hos entreprenøren Risa AS, bestemte han seg for å søke seg vidare til Vg2 anleggsteknikk. Etter at han er ferdig med skulegangen, vil han gå i lære som fjellsikrar – eit yrke han testa ut i praksisperioden.

- Eg arbeidde frå klokka 07.00 til 20.00. Det var dagar fylte med fysisk tungt arbeid. Eg hadde 13-timarsdag og budde på brakke. Første perioden var eg i Mandal og deretter på Knaben i Kvinesdal. Sjølv om det var tungt arbeid, fann eg ut at eg vil bli fjellsikrar og starte eige firma på sikt, seier han.




Fleirtalet av bygg- og anleggsteknikk-elevane prøver seg hos ulike tømrarbedrifter. Lotte hadde praksis hos Neumann Bygg og lærte meir om treslag og materialeegenskapar, noko som er nyttig når ho skal vidare på Vg2 tømrar. Etter læretida vil ho ta bygg på teknisk fagskule og ønsker seinare å studere arkitektur.

- Eg vil lære korleis det er å bygge eit hus før eg begynner på arkitektstudiet. Med fagbrev

som tømrar kan eg bli ein betre arkitekt, seier ho.

### Nyvinning på avdelinga

Sidan Tryggheim blei vidaregåande i 1983, har skulen utdanna tømrarar og snikkarar. Frå hausten 2021 får skulen i tillegg programområdet Vg2 anleggsteknikk. Tryggheim skal leige anleggsmaskinar, og klassen kjem mellom anna til å gjere gravejobbar for ulike oppdragsgivarar.



## Bygg- og anleggsteknikk

Elevtal: 85 fordelt på Vg1 og Vg2

Programområde: Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

Vg2 anleggsteknikk, Vg2 treteknikk og Vg2 tømrarfag

Praksis: Utplassing i bedrift om hausten og våren

Læretid etter Vg2: To år i bedrift

Desse fagbrev kan elevar ta ved å gå Vg2 anleggsteknikk:

- Anleggsmaskinførar
- Anleggsrørleggar
- Asfaltør
- Banemontør
- Brønnborar fastland
- Fjell- og bergverksarbeidar
- Veg- og anleggsfagarbeidar
- Vegdrift- og vedlikehaldsarbeidar
- Ved å gå Vg2 tømrar kan elevar ta fagbrev som tømrar



Viljar Heskestad, Moi:

«Det er skamdigg å bu på internat. Eg finn tinga mine der eg la dei ifrå meg og treng ikkje springe rundt i heile huset fordi mamma har gøymt dei.»

# Kjekkasar med eiga bedrift

**Emil, Julie og Karina har bakt, pakka og selt fleire knekkebrød enn dei fleste av oss et i løpet av eit liv. Passe sprøtt.**

Saman med tre studieelevar driv dei den prisvinnande ungdomsbedrifta Eplekjekkasane, og får derfor smakt på real arbeidslivstrening i tillegg til knekkebrød med eplesmak. Dei er blitt knallgode seljarar, så ein skal ha ganske tungtvegande grunnar for å gå tomhendt frå dei. Emil er flink til å pakke, og har eit profesjonelt forhold til knekkebrød. Han har ikkje smakt dei ennå, for han likar best pære, pølse og Pepsi Max. Køyrrer du Volvo, får du eit endå større anerkjennande smil frå han.

Karina har humor og retorisk snert som gjer henne til ein naturleg salsleiar. Ho har godt blikk for situasjonskomikk, som då ungdomsbedrifta på eit arrangement fekk kommunal anerkjening for god NM-innsats, og ho valte å bruke blomebuketten til å fri til ein lærar som stod i samtale med ordføraren.

Julie har einestående rytmesans og er ein dyktig trommeslagar. Heldigvis får ho anledning til å bruke evnene i musikalsk samspel kvar veke. Som dei einaste elevane på vgs har dei musikk som fag, og når alle spelar kvart sitt instrument saman med lærar og assistent på piano, gitar, bass og trekkspel, er stemninga både euforisk og symfonisk.

TA-gjengen høyrer til i ulike klassar og følger desse i nokre programfagtimar, men har fellesfag, musikk og arbeidslivstrening i svært trivelege lokale på TA-avdelinga.



## - Alltid ein ven å gå til

På internatet har du alltid ein ven å gå til. Nesten 200 ungdommar har kort veg til både vener, klasserom og matsal.

Andreklassingane Maria Gilje frå Gilja og Elena Almli frå Levanger bur på internatet på Tryggheim. Der trivst dei godt.

- Eg synest det er veldig kjekt her, for eg har folk rundt meg heile tida. Det er sosialt, og me blir godt kjende med kvarandre når me bur så tett. Miljøet er godt. Alternativet for meg ville vore å pendla, fortel Maria som kjem frå ei lita bygd.



Maria Gilje, Gilja:

*«Eg er ein sosial person, så eg synest det er kjekt å ha folk rundt meg heile tida.»*

Elena valde Tryggheim fordi ho hadde høyrte mykje positivt om skulen og ville gå på ein kristen internatskule.

- Me har bibelgrupper, og det synest eg er veldig kjekt. Der kan du seia kva du meiner, og så får du høyra kva andre meiner i tillegg. Har me lyst, kan me gå på kristne møte, ha bønnegrupper og liknande. Det synest eg er bra. Det er også mange elevar som ikkje er kristne og som går her for å ha det gøy.

- Det kjekkaste med internatet er at me alltid har ein ven me kan ha det kjekt i lag med, meiner Elena.



Elena Almli, Levanger:

*«Dei på kjøkken er veldig flinke til å variera maten sånn at me får god kost.»*



Det same synest elektroeleven Håvard Fitjar frå Fitjar som bur på internatet på Tryggheim på andre året.

- Du er rundt venene dine heile tida. Dessutan er det kort veg til skulen og til middag og alle måltid. Tryggheim ligg også nær togstasjonen, så viss du ønskjer å koma deg litt vekk, er det berre å ta toget ein halvtime til Stavanger.

I starten syntest han det var litt uvant å vera heimanfrå.

- Eg er heldigvis ikkje åleine her. Folk lagar mat til oss, og så er det Vigdis som går rundt og passar på deg som om ho er mor di. Det er ein veldig grei overgang til å bu meir og meir åleine. Reglane verka kanskje litt strenge då eg først fekk dei i handa, men dei som har tilsyn i internatet, er veldig kjekke. Så lenge du klarer å oppføra deg normalt, går det veldig greitt.

Håvard tilrår sterkt eitt eller fleire år på internatskule.

- Då kan du komma deg litt vekk frå heimplassen, og det trur eg mange har godt av. Det er veldig kjekke år.



## Internatet

På Tryggheim bur nesten 200 av elevane på internatet. Dei fleste bur på einerom med eige bad, eller på dubletter, dvs. to elevar på kvart sitt rom med felles bad, og nokre få bur på dobbeltrom. Kvar av dei sju internatbygningane er delt opp i fløyer, og kvar fløy har ei felles stove med kjøkkenkrok der elevane kan samlast på fritida. I tillegg er det vaskerom med vaskemaskin og tørketrommel i kvar etasje.

Frukost, middag og kveldsmat blir servert i matsalen i hovudbygget. Der er det også kantine, som er open for alle i langfriminuttet. I hovudbygget finn du i tillegg daglegstove, lesesal, bibliotek, gymsal og styrkerom.

Både ungdomsleiar og fleire miljøarbeidarar er med på å skapa eit godt miljø for elevane på fritida.

Kvar morgon går internatarbeidarane rundt i internatet for å sjå om nokon har blitt sjuke eller treng hjelp til eit eller anna.



Håvard Fitjar, Fitjar:

*«Du får venner for livet i heile landet. Då me var på ferietur i sommar, hadde eg folk å vera med overalt, på Sørlandet og Vestlandet.»*

# Skoleturer

I tillegg til turer med faglig innhold for enkelte klasser og fag, arrangerer Tryggheim vgs. hvert år en stor tur der alle elevene på samme trinn får tilbud om å være med.



## Vg1 Leirskole til Tonstadli i Sirdal

I februar/mars reiser Vg1-elevene fra alle de fire studieretningene til fjells. I fire dager koser vi oss med snø og skisport, pølser og vafler på bål, trivelige kvelder med litt alvor og masse moro, og mye god mat. Vi lærer bl.a. om fjellvett og riktige vinterklær – og ingen behøver å være gode på ski fra før, hverken i langrennssporet eller i bakken. Faktisk trenger du ikke å ha hatt ski på beina i det hele tatt for å ha det kjekt på leirskolen på Tonstadli!



## Skoleturer

### Vg2 Utenlandstur til Europa eller Israel

I september kan alle elevene på Vg2 velge mellom to forskjellige turer, der ett av formålene er å lære mer om 2. verdenskrig og Holocaust. I tillegg blir vi kjent med andre kulturer og levemåter – og, ikke minst, vi blir enda bedre kjent med hverandre!

Europaturen skal gi elevene mulighet til å se og oppleve Europas historie og nåtid gjennom å besøke steder og minnesmerker etter 2. verdenskrig. Vi vil også besøke byer som har hatt betydning i Europas historie, og som i dag fremstår som moderne storbyer, og vi ser på utfordringer Europa har i dag.

I Israel får elevene lære om den politiske situasjonen i Midtøsten og Israels rolle her, jødernes situasjon i dag og under 2. verdenskrig, og vi får mye kunnskap om bibelske steder og hendelser. Vi besøker kjente bibelske steder som Nasaret, Kapernaum og Betlehem, samt stedene i Jerusalem som omtales i påskeevangeliet. Vi drar opp til utkikksposter på Golanhøyden og besøker Holocaustmuseet.

### Vg3 Oslotur

I oktober reiser 3.-klassingene på en firedagers busstur til hovedstaden. Som regel blir vi innlosjert på Fjellhaug skoler, og så reiser elevgrupper rundt i Oslo og omegn på små ekskursjoner, alt etter hvilken programfag de har valgt. Noen besøker Stortinget og NRK, noen 22. juli-senteret, forskjellige bedrifter og museer. Det hender vi får med oss en TV-innspilling som publikum i NRK en kveld, og uansett er dette en veldig sosial og sammensveisende tur for den kommende russen.



# Fritidstilbod

I over 100 år har Tryggheims fritidsfilosofi blitt til i spenninga mellom dei to folkelege sanningane; at det er sunt å keie seg og at lediggang er rota til alt vondt. Utviklinga har gått i retning av fleire organiserte fritidstilbod, og få ser ut til å meine at keisemd er så viktig at dei er leie seg for det.

## Miljøteam

Med eigen ungdomsleiar og tre miljøarbeidarar er Tryggheim rigga for å tilby ei aktiv og variert fritid. Miljøteamet tryller i gang sport, spel, quiz, konkurransar, grilling, biljard, surfekurs, bordtennisturnering, grip mikrofonen, jentekveldar og gutekveldar og andre ting som er så nye at dei ikkje har fått namn på nynorsk ennå.

Tilsette deltek og i mange faste fritidsaktivitetar, som bibelgrupper, møte (torsdag og søndag), spill & dill, digital sløyd, mat-, strikke-, sy- og hobbykafé og løping. Saman vev miljøteam og tilsette eit fargerikt teppe av aktivitetar som kan ta deg tørrskodd mellom pyttane av keisemd.

## Bibliotek

For dei som ønsker friminutt frå røynda for å dukke ned i

litteraturen, lese spanande skildringar frå framande kulturar, kjenne historia sine bølgeslag, kjempe seg opp filosofien sine tindetoppar, kjenne på straumdraga i nye ungdomsbøker eller vasse litt i den poetiske strandkanten, finst det heldigvis eit rikhaldig bibliotek med så usedvanleg gode sitjegrupper at enkelte berre blir sitjande utan å lese.

I biblioteket kan du også i periodar vere med på høgtlesing frå Bibelen på ettermiddagane.

## Studie- og lesesal

Uvisst om det kan kallast ein fritidsaktivitet, men for dei som vil la det kome til uttrykk i livsstilen at dei går på Tryggheim primært for å lære noko, finst det studieverkstad og lesesalar som er opne fram til 22.30. Her kan du bli storprodusent av kvotefri kognitiv mjølkesyre på dagleg basis. To ettermiddagar i

veka er studieverkstaden utrusta med kompetent leksehjelp frå tilsette som har samla både studiepoeng og røynsle heilt frå førre århundre. Og dei er rause med visdommen, Tryggheim til ære, deg til gagn.

## Verkstad og mekking

For dei som har oppdaga at dei har ein kropp som kan brukast til meir enn berre å frakta hovudet til lesesal og bibliotek, går det an - med litt opplæring - å bruke ein del av maskinparken på snikkarverkstaden til å laga ting i tre og eit lite mekkelokale til å reparere mopeden i.

Spesielt for elevar som driv ungdomsbedrift, og i tillegg bur på internatet, gir snikkarverkstaden rik og kortreist anledning til å oppleve den haugianske gleda det er å bryta ned skiljet mellom arbeid og fritid, såkalla kveldsarbeid.



Hva skjer på Nærbø?

## Hva skjer på Nærbø?

Nærbø ligger i Hå kommune i Rogaland og har ca. 7.300 innbyggere – det vil si at når Tryggheim fyller opp internatet om høsten, stiger folketallet til ca. 7.500. Med togstasjon i sentrum, i gangavstand fra Tryggheim, er Nærbø en sentral plass på Jæren. Her kan du komme deg nordover til Stavanger og sørover til Egersund med Jærbanen i løpet av en drøy halvtime. Men det er nok å finne på rundt omkring på Nærbø også. Her er noen tips:

## Idrett

Like ved Tryggheim ligger det flotte idrettsanlegget Loen, med blant annet utendørs fotballbane, innendørs ishall og curlingbane, flerbrukshaller og treningsrom. Et 25 m svømmebasseng er åpent for offentlig bading tre dager i uken. Tryggheim er medeier i Loen, og det aller meste av gym-undervisningen foregår her. I sentrum kan du i tillegg trene på Jæren sportsenter, og bade i Stampen - et 12,5 m terapibasseng med boblebad.

## Kirke og bedehus


Nærbø kirke har et stort barne- og ungdomsarbeid, og Tryggheimelever engasjerer seg ofte som medhjelpere i barnearbeidet og blir med i ungdomsklubben Reload.



På Nærbø bedehus er mange Tryggheimelever aktive i Nærbø kristelige ungdomslag (NKUL). I pinsemenigheten Betel kan man engasjere seg i ungdomsklubben Alive.

## Friluftsområder

Jæren kan tilby helt unike naturopplevelser for enhver smak. Her er det masse turterreng som innbyr til både gå- og joggeturer, og en kort kjøretur unna ligger sjøen med gode forhold for både surfing og bading – spesielt hvis man ikke er avhengig av minst 20 grader i vannet.




## Musikk

Har du spilt i skolekorps og synes det er synd å måtte legge kornetten eller tubaen på hylla? Fortvil ikke! I Nærbø skulekorps er det god plass, også til musikanter som har bikket 16.

## Shopping

Nærbø har to mindre kjøpesentre, i tillegg til en rekke butikker rundt omkring. Ellers ligger det største kjøpesenteret på Jæren sør for Sandnes bare noen minutters togtur unna. På M44 på Bryne kan du boltre deg i mer enn 60 butikker, i tillegg til dem du finner i Bryne sentrum.

Returadresse:  
Tryggheimhelsing  
Tryggheimveien 13  
4365 Nærbø



*Sees vi på Tryggheim til høsten?*

**Følg oss her:**



Facebook



Instagram



QR-kode?  
Bruk mobil-  
kamera, app  
eller nettside.



Tryggheimvegen 13, 4365 Nærbø  
vgs.tryggheim.no

